

Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15357 - 21/55208

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:
20.08.2021

Beslutning om utsatt iverksettelse - oversender klage til uttale for parter - gbnr 236/20 Askvik

Tiltak: dispensasjon for oppføring av bustadhus
Byggjestad: Gbnr: 236/20
Tiltakshavar: Elin Signe Askvik
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Det er gitt utsatt iverksetting for dispensasjonsvedtaket

Kommunen har den 07.07.21 mottatt klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av bustadhus, datert 29.06.21.

I motteke klage i frå Statsforvalter er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtaket. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Vi er av ei oppfatning om at det vil kunne påløpa tiltakshavar kostnadar ved utarbeiding og søknad om tillatelse til tilak. Eit slikt arbeid med ein byggesøknad kan vere forgjeves, dersom endelig vedtak på dispensasjonssøknaden vert gjort om i klagehandsaminga.

På bakgrunn av dette vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket. Det betyr at kommunen ikkje kan handsama en søknad om tillatelse til tiltak før klagesaken er endeleg avgjort.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker og dispensasjonssaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, uopretteleg skade eller tap for partane.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

De kan gi uttale på klagen i frå Statsforvaltaren

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka har du som part i saka moglegheit til å kome med uttale.

Frist for innsending av uttale til klagen er 10.09.21.

Klagen vert endeleg handsama av utval for areal, plan og miljø. Meir informasjon om politiske møte ligg på Alver kommune si heimeside.

Handsaminga i utvalet kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert vedtaket oppretthaldt av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Aktuelt regelverk

- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i forvaltningslova (fvl) § 42.
- Krav om utsett iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på dispensasjon for oppføring av bustad - Alver - gbnr 236/20 Askvik

Kopi til:

Elin Signe Askvik	Eidavegen 546	5993	OSTEREIDET
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Thomas Lindås	Eidavegen 357	5993	OSTEREIDET

Mottakarar:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
---------------	-----------------	------	-------------